



Stad kommune

OVERORDNA RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL SKOGSVEGBYGGING, DRIFT MED TAUBANE, HEST O.A. OG SKOGKULTUR I STAD KOMMUNE

2020



Fastsett av Stad kommunestyre, 18. juni 2020.

Arkivopplysning V83, 20/460

Innheld

1. Lov og forskriftsgrunnlag.....	2
2. Tilskot til bygging av skogsvegar	3
2.1 Formål og virkeområde	3
2.2 Krav til veganlegg, eigarar m.v.	4
2.3 Krav til planlegging	4
2.4 Tilskot	5
2.4.1 Fordelingsrutinar	5
2.4.2 Prioritering	6
2.4.3 Tilskotsgrunnlag	6
2.4.4 Tilskotssatsar	6
2.4.5 Særlege omsyn	6
2.4.6 Tilskot til overordna vegplanlegging	6
2.5 Vilkår for tilskot	7
2.5.1 Vegvedlikehald	7
2.5.2 Atterhald om bruk av vegen	7
2.5.3 Særlege vilkår	7
2.6 Søknad og sakshandsaming	7
2.6.1 Søknad	7
2.6.2 Rekneskap	8
2.6.3 Tilsyn og kontroll	8
2.6.4 Byggjepериодen	8
2.6.5 Utbetaling	8
2.6.6 Attendebetaling	8
2.6.7 Dispensasjon og klage	8
3. Tilskot til drift med taubane, hest o.a.	9
3.1 Føremål	9
3.2 Virkeområde	9
3.3 Vilkår m.m.	9
3.3.1 Vilskoar	9
3.3.2 Avgrensinger	10
3.4 Tilskotssatsar mv.	10
3.4.1 Generelt	10
3.4.2 Tilskotssatsar	10
3.4.4 Prioritering	11
3.5 Søknad og sakshandsaming	11
3.5.1 Søknad om tilskot	11
3.5.2 Resultatkontroll	12
3.5.3 Vurdering etter Lov om naturmangfold	12
3.5.4 Utbetaling	12
3.5.5 Attendebetaling	12
3.5.6 Dispensasjon og klage	12
4. Tilskot til skogkultur.....	13
4.1 Føremål.....	13
4.2 Tilskotssatsar.....	13
4.3 Skogeigarsamarbeid-högare tilskot.....	13
4.4 Suppleringsplanting.....	13
4.5 Tilskot til tettare planting.....	13
4.6 Forsømt ungskogpleie.....	14
4.7 Skogfond.....	14
4.8 Rettleiande satsar for eigen innsats.....	14
4.9 Landskapsregion 20.....	14
4.10 Ikraftsetjing	15

1. Lov og forskriftsgrunnlag

"*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*" vart fastsett av Landbruks- og matdepartementet 4. februar 2004 med heimel i lov 27. mai 2005 nr.31 om skogbruk (skogbrukslova). Forskrifta vart sist endra 28. mai 2015.

I § 3 heiter det:

"Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Fylkesmannen, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt".

Frå 01.01.2020 er det kommunane som har løvingsfullmakta for tilskot til alle skogbrukstiltaka etter «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*» (NMSK-forskrifta). Fylkesmannen fordeler rammer til kommunane for dei statlege tilskotsordningane som omfattast av forskrifta. Denne fordelinga er underlagt instruksjonsretten hjå statsforvaltinga, og instruksjonsmynda er delegert frå Landbruks- og matdepartementet til Landbruksdirektoratet og fylkesmennene. Avgjersler i medhald av denne instruksjonsmynda er ikkje enkeltvedtak, jf. forvaltingslova § 2, og kan ikkje klagast på.

Dei følgjande retningslinene byggjer på "*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*", retningslinjer utarbeidd av Fylkesmannen i Vestland for 2019 og orientering om tilskot frå Fylkesmannen i Vestland for 2020. Stad kommune har i dialog med lokallag, landbruksorganisasjonane og Fylkesmannen fastsett desse retningslinene med dato 18. juni 2020. Retningslinene gjeld fram til nye vert publisert.

2. Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar

Det er "*§ 5 "Tilskudd til veibygging"*" i "*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*" som heimlar denne tilskotsforvaltinga med følgjande ordlyd:

"Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsninger som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.

Det kan bare gis tilskudd til veier som er godkjent etter den til enhver tid gjeldende forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål, eller etter plan og bygningslovens bestemmelser. Det er videre et vilkår at veien blir bygd i samsvar med gjeldende normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse, fastsatt av Landbruks- og matdepartementet. Samarbeidstiltak bør prioriteres.

*Før anleggsarbeidet settes i gang skal det foreligge en byggeplan som kommunen har godkjent. For alle anlegg som vert delfinansiert med statstilskot, er dette eit krav, jf. *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.*

Det er et krav at veien blir vedlikeholdt til den standard som den opprinnelig ble bygd. Tilsatte knyttet til offentlige landbruks- og miljøvernmyndigheter har, når de er på tjenestereiser i de områder veien betjener, rett til avgiftsfri bruk av veier som har fått tilskudd".

2.1 Formål og virkeområde

Formålet med tilskotsordninga er å auka skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom berekraftig utnytting av virkesressursane. Dette skjer ved å leggja tilhøva til rette for transport av tømmer ut av skogen, og ved å letta tilkomsten og gi høve for rasjonell skjøtsel og drift.

Tilskotsordninga gjeld for alle private og offentlege skogar over 10 dekar, og for skogområde der det skal drivast eit uthaldande skogbruk. Dette inneber mellom anna tilrettelegging for forynging etter hogst.

2.2 Krav til veganlegg, eigara m.v.

Vegen må ha ein standard som er tilfredstillande for den aktuelle bruk og skal byggjast etter gjeldande normalar for skogsvegar fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Det skal takast omsyn til naturmiljø, friluftsliv og kulturminne ved bygging av vegen.

Vegstandarden må avpassast vegplan for det aktuelle området. Veglinja skal vera stukken i marka og godkjent av kommunen; jf. «*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*», fastsett av Landbruksdepartementet 28. mai 2015. Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punkt som er oppgjeve i søknaden.

På grunn av skilnaden i kostnad og geometri må traktorveg klasse 7 vurderast opp mot bilveg, særleg når areala med planta gran som vert løyst ut er under 100 dekar, når det er aktuelt med vegklasse 5 og når offentleg tilkomstveg ikkje er open for vogntog.

Offentleg veg som skogsbilvegen er knytt til bør halda ein standard som svarer til standarden på skogsbilvegen. Dersom dette ikkje er tilfelle, bør veglag, vegplanleggjar og skogbruksstyresmaka arbeida for å få skriva opp den offentlege vegen. Dersom dette ikkje vert gjort kan det aktuelle veganlegget falla nedover på prioriteringslista ved tildeling av tilskot.

Dersom offentleg tilslutningsveg ikkje held standard for vogntog (12,4 eller 15 meter lengde) eller ikkje har tilstrekkeleg tillate aksellast (under 8 tonn), bør veglag, vegplanleggjar og kommunen som skogbruksstyresmakt arbeide for å skrive opp den offentlege vegen. Dersom dette ikkje vert gjort bør det aktuelle veganlegget prioriterast ned for tildeling av tilskot.

Større fellesanlegg skal prioriterast høgt. For slike prosjekta må det vera skipa veglag (vegforeining) med eit ansvarleg styre med vedtekter godkjent av kommunen. Fordeling av kostnadene for anlegget og det framtidige vedlikehaldet skal vera ordna ved skriftleg avtale før tilskot vert utbetalt.

Alt vegarbeid skal skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter som gjeld innan dekningsområdet for vegen.

2.3 Krav til planlegging

Vegtrasé og linjeføring skal innpassast i vegplanen for området, og ein skal under planlegginga ta omsyn til friluftsliv og naturmiljø; jf. skogbrukslova § 1. Samstundes skal veganlegget sikra høve for rasjonell drift innan dekningsområdet for vegen.

Kommunen kan ved godkjenning av veier for landbruksføremål, setja vilkår om at det skal føreliggja ein byggeplan før anleggsarbeidet vert sett i gang. For alle anlegg som vert delfinansiert med statstilskot, er dette eit krav, jf. *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Ein byggeplan skal omfatta:

Senterlinje

Vegen si senterlinje skal vera stukken i marka og dokumentert. Det skal vere sett ut referansepunkt som gjer det mogleg å rekonstruera senterlinja eller veglina skal vere dokumentert med GPS el.

Kart

Vegen si plassering skal vere vist nøyaktig på detaljert kart i målestokk 1:10 000 eller større. I tillegg skal eksisterande vegar og nytteområde gå fram av kartet.

Lengdeprofil

Ein byggeplan skal normalt innehalde lengdeprofil, men for vegar utan kritiske stigningsforhold kan det gjerast unntak.

Tverrprofilar og masseutrekning

Større veganlegg som medfører vesentlege masseflyttingar bør massebereknast, og det må difor utarbeidast tverrprofilar. For mindre anlegg kan det gjerast unntak, eventuelt avgrensa til kritiske punkt på vegen.

Arbeidsbeskriving

Det skal utarbeidast ei arbeidsbeskriving. Innhaldet i denne må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og behova for å omtale ulike forhold på kvart enkelt anlegg. Den skal vere i overensstemmelse med kommunalt vedtak.

Bruk av eventuelle tilkjørte masser skal gå fram her.

Kostnadsoverslag og mengdeoversikt.

Som grunnlag for kostnadsoverslag og anbod bør det setjast opp ei mengdeoversikt. Denne må tilpassast detaljeringsnivået i planlegginga og skjema "Anbod for utførelse av skogsveganlegg" og "Normalkontrakt for utførelse av skogsveganlegg" utgjeve av Landbruks- og matdepartementet. Elles skal opplysningar og registreringar som er nødvendige for vurdering av tilskot m.m. komma klart fram; jf. søknadsskjema SLF-903 B.

Formålet med ein byggeplan er å beskrive veganlegget, kvantifisere arbeidsomfanget som grunnlag for kontraktar og å kvalitetssikre arbeidet.

Byggeplan gjeld framfor beskrivelser i veggnormalane i det veggnormalene er å sjå på som minimumskrav for den enkelte vegklasse. Kontraktstandarden, *NS 8406 Forenklet norsk bygge- og anleggskontrakt*, bør ligge til grunn for kontrakts forholdet mellom byggjerre og entreprenør.

Dersom det oppstår tvistar om fortolkingar i normalene, kan dette løysast ved å konferere Norsk Standard, *NS 3420 Grunn- og terrengarbeider*.

2.4 Tilskot

2.4.1 Fordelingsrutinar

Innanfor den løvvinga over statsbudsjettet som er avsett til skogsvegar, har Fylkesmannen ansvaret for tildeling av midlar til kommunen, - i samsvar med forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket og desse retningslinene.

Søknad om tilskot skal sendast før bygging vert igangsett.

Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til skogsvegar der anleggskostnadene er under kr 30.000,- og det vert som hovudregel heller ikkje gjeve tilskot til "Enkle vegar" og "vegklasse 8".

2.4.2 Prioritering

Alle vegar som det blir søkt om tilskot til, skal vurderast ut frå dei kriteria som går fram av Overordna retningslinjer.

Følgjande vegar har prioritet:

- Vegar (nybygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst
- Større felles tilkomst-/hovudveganlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven
- Anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal
- Bilvegar framfor traktorvegar
- Ombygging til bilveg
- Traktorvegar i vegklasse 7 som tilkomstveg kan vurderast.
- Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til vegklasse 8 og vegar med lågare standard der anleggskostnadene er under kr. 30 000,-.
- Vegar som løyser ut mykje lauvskog og lite anna skog skal prioriterast ned.

2.4.3 Tilskotsgrunnlag

Statstilskot skal normalt reknast ut på grunnlag av totale anleggskostnader. Tilskot og ytingar frå anna hald skal likevel gå til fråtrekk frå anleggskostnadene (eks. som jordbruksinteresser, kraftverk, hytter o.l.).

Utgifter til planlegging av veganlegget kan takast med i kostnadsgrunnlaget. Oppfølging av vegen i anleggsperioden kan etter avtale takast med i tilskotsgrunnlaget.

Meirverdiavgift, rekneskapsføring og rydding av vegline inngår ikkje i tilskotsgrunnlaget.

2.4.4 Tilskottssatsar

På grunnlag av skjema og andre opplysningar i søknaden fastset kommunen endeleg tilskot til det enkelte veganlegg.

Tilskot til traktorvegar vil som regel liggja i intervallet 25 – 45 %.

Tilskot til bilvegar ligger som regel i intervallet 30 – 60 %. Vegklasse 5 bør nedprioriterast.

Anlegg der det er brukt godkjend vegplanleggar kan få høgare tilskot med

- | | |
|----------------------------------------|-----------------|
| - Detaljplanlegging | +4 prosentpoeng |
| - utarbeidning av anbud | +3 prosentpoeng |
| - oppfølging av anlegget under bygging | +3 prosentpoeng |

Til skogsvegar i vegklasse 2 til 7 kan det gjevast tilskot med inntil kr. 7.000 per dekar for areal i hkl. 2-4 som er tilplanta med gran, og inntil kr 160,- per m³ gran og furuskog i hkl 5. For lauv inntil kr 100,- per m³ i hkl 5. Vegar som løyser mykje lauvskog og lite annan skog skal likevel prioriterast ned.

Bruk av skogfond med skattefordel må nyttast så langt det er råd. Det betyr at bygging av større veganlegg bør løyse ut monaleg med hogstmoden skog dei fem første åra etter bygging.

Tilskotsstorleik bør vurderast med bakgrunn i [dette reknearket](#).

2.4.5 Særlege omsyn

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader grunna dette gå inn i tilskotsgrunnlaget.

Der det er trong for å ta naudsynne miljøomsyn, kan ein kompensera for dette med ein noko høgare tilskottssats.

2.4.6 Tilskot til overordna vegplanlegging

Fylkesmannen kan etter samråd med kommunar / næringsorganisasjonar i skogbruket yta tilskot til overordna vegplanlegging / områdeplanlegging. Det same gjeld for prosjekt knytt til synleggjering og tiltak knytt opp mot flaskehalsar i det offentlege vegnettet.

Kommunen kan yte tilskot til overordna vegplanlegging og det er ein fordel at dette vert samordna på regionnivå. Fylkesmannen samordnar dette.

2.5 Vilkår for tilskot

2.5.1 Vegvedlikehald

Tilskotet vert gjeve på vilkår om at vegen vert vedlikehalden i den standard den opphavleg vart bygd. Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven før tilskot vert utbetalt. Det vert utført vedlikehaldskontroll på vegar som er mellom 10 og 15 år gamle. Fylkesmannen gjennomfører kontrollane i lag med kommunane.

2.5.2 Atterhald om bruk av vegen

"Ansatte knyttet til offentlige landbruks- og miljøvernmyndigheter har, når de er på tjenestereiser i de områder veien betjener, rett til avgiftsfri bruk av veier som har fått tilskudd"; jf. § 5 i "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket".

Det vert teke etterhald om at vegen, i naudsituasjoner, skal kunna brukast avgiftsfritt av forsvaret, politi, lensmenn, legeteneste, veterinærteneste, hjelpekorps. Eventuell skade i samband med slik bruk skal skadegjerar betala for.

2.5.3 Særlege vilkår

Kommunen set vilkår om hogst og å planta eit visst areal i løpet av ein 8 års periode som motytelse for tilskot.

Det setjast også vilkår om nyplanting av gran på skogsmark som eignar seg for granplanting tilsvarende 1 dekar per 5 000 kr gjeve i tilskot. Tilsvarende er det eit vilkår at hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette.

Areala skal vere kartfesta på den einskilde eigedom før tilskot blir løyvd.

Vilkåra skal fastsetjast med utgangspunkt i skogbruksplan, eller etter ei skjønnsmessig vurdering. Ved fastsettjing av vilkåra skal hogstkvantum og planteareal til vanleg vurderast med utgangspunkt i heile eigedommen. Areal som inngår som plantevilkår skal teiknast inn på kart og følgja søknaden om tilskot.

Det er eit vilkår at areal som vert hogd vert tilfredsstillande forynga jf. § 6 i Skogbrukslova og *Forskrift om berekraftig skogbruk*. Grunngjevinga er at tilskot skal prioriterast til bygging av skogsvegar der ein driv eit utholdande skogbruk.

Det skal utarbeidast ein oversikt over korleis ein har tenkt å nytte areala som vert løyst ut av vegen. Denne planen skal ligge til grunn for vilkår om hogst og planting på eigedomane som tek del i veganleggjet.

Skogeigar som har motteke tilskot, må i samband med eventuell seinare overdraging eller pantsettjing av eigedommen gjera den nye eigar eller eventuelt panthavar merksam på dei særlege vilkår som knyter seg til tilskotet. Den nye eigaren må gi skriftleg melding til kommunen om at han tek over vilkåra som er knytte til tilskotet. Dersom uventa tilhøve skulle komma på i vilkårsperioden, kan kommunen etter søknad frå skogeigaren gi utsettjing med oppfylling av vilkåra for tilskotet.

2.6 Søknad og sakshandsaming

2.6.1 Søknad

Søknad skal skrivast på skjema SLF 903 og vere registrert i ØKS.

Søknad om tilskot skal skje på [dette søknadsskjemaet](#) og saman med kartgrunnlag, skjema m.m. skal sendast til kommunen som avgjer om allegget skal ytast tilskot og vilkåra for tilskot. Kommunen registerer søkeren i ØKS og prioriterer og handsamar han. Vedtak med løye til bygging av

landbruksveg lastast opp i ØKS. Dersom det er sett vilkår i løyvet kring bygging må kommunen sjekke at vegplan er i tråd med desse.

Kostnadane for vegen skal vere kjent før ein søker om tilskot. Anbod eller fast pris er vanleg. Løye til avkjøring frå offentleg veg skal vere gjeve før det vert søkt om tilskot.

2.6.2 Rekneskap

Det skal først rekeskap for veganlegg med utgifter utan mva. Utgiftene i rekneskapen skal vere dokumentert med fakturaer eller timelister ved eigeninnsats.

2.6.3 Tilsyn og kontroll

Fylkesmannen og kommunen kontrollera at vegen blir bygd i samsvar med den godkjende planen og desse retningslinene. Fylkesmannen kan og kontrollera byggearbeidet og ferdig veg. Resultatet av denne kontrollen skal rapporterast til Fylkesmannen på skjema for resultatkontroll for skogsvegbygging, utarbeidd av Statens Landbruksforvaltning (skjema SLF-913) eller direkte i ØKS. Landbruksstyresmaktene har rett til å kontrollera at vegen blir tilfredstillande vedlikehalden, kontrollera driftsrekneskapen for vegen og brukar dei data rekneskapen inneheld til statistiske formål. Jf. elles pkt.2.5.1 og pkt. 2.5.2.

2.6.4 Byggjepersonen

Byggjepersonen for ein veg som mottek statstilskot er inntil 3 år. Kommunen kan i særskilde tilfelle forlenga byggjepersonen til maksimalt 5 år.

Tilskot som ikkje er nytta innan utgangen av fastsett byggjeperiode vert trekt inn.

2.6.5 Utbetaling

Kommunen utbetalar vegtilskotet gjennom skogfondssystemet etter at rekneskapssamdraget er godkjent av kommunen. Med grunnlag i godkjende rekneskapssamdrag kan kommunen betala ut tilskot etter kvart som arbeidet vert gjennomført.

2.6.6 Attendebetaling

Tilskotet kan krevjast betalt tilbake heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med dei føresetnader som er nemnt i pkt. 2.4 og pkt.2.5. Vidare kan heile eller delar av tilskotet krevjast tilbake i tilfelle der føremålet for vegen i ettermidd syner seg å vera anna enn skogbruk.

Dersom skogeigaren etter utgått vilkårsperiode, som nemnt i pkt. 2.5.3 berre har oppfylt ein del av vilkåra, skal deler av det opphavlege tilskotet betalast tilbake. Beløpet som skal betalast tilbake skal vera i same forhold til det opphavlege tilskotet som den del av vilkåra som ikkje er oppfylt er til dei opphavlege vilkåra.

Beløp som skal betalast tilbake kan trekkest inn ved reduksjon i eventuelle andre tilskot under Landbruks- og matdepartementet. Skogeigaren blir ikkje belasta med renter frå tilskotet blei utbetalt fram til krav om innbetaling kjem. For fleire detaljar sjå § 13 i *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Dersom ein ny eigar ved eventuell overdraging ikkje vil ta på seg dei skyldnadene som er nemnt i pkt. 2.5.3 eller seljaren ikkje gjer ny eigar merksam på desse, pliktar seljar å betale ein tilsvarande del av tilskotet tilbake såframt skyldnadene ikkje er oppfylte.

2.6.7 Dispensasjon og klage

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå forskrifta og desse retningslinene.

Vedtak gjort i medhald av Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket kan pålagast etter kap. 6 i lov av 10. februar 1967 om handsaming i forvaltingssaker (forvaltningsloven).

3. Tilskot til drift med taubane, hest o.a.

Det er § 7 ”Tilskudd til drift med taubane, hest o.a.” i Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket som heimlar denne tilskotsforvaltninga med følgjande ordlyd: ”Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregisteringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder”.

3.1 Føremål

Føremålet med tilskotsordninga er å auka skogbruket sin medverknad til verdiskaping og sysselsetting i distrikta gjennom berekraftig utnytting av virkesressursane i vanskeleg skogsterreng i tråd med gjeldande skogpolitikk.

3.2 Virkeområde

Tilskotsordninga gjeld for alle private og offentlege skogar over 10 dekar. Tilskot kan gjevast ved hogst på areal der det vert nytta kabelkran, eller slepebane. Bruk av løypestreng og hest er også omfatta av ordninga.

I følgje landsskogtakseringa står 30% av den planta granskogen i Vestland fylke i taubaneterreng. Det er liten konkurranse med annan arealbruk på dei bratte areala og dei eignar seg godt til skogbruk. Taubanedrift er ein viktig driftsform for oss som vi er opptekne av at det vert støtta opp om. Det er særskilt viktig at dei få aktørane vi har ein økonomi som set dei i stand til å utvikle metodar og utstyr i takt med teknologisk utvikling.

3.3 Vilkår m.m.

3.3.1 Vilkår

Tilskot til drift i vanskeleg terrenge skal berre gjevast når drifta blir gjennomført slik at det blir teke omsyn til skogområda sine funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv. Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området. I område utan MiS-registreringar skal det sjekkast med Naturbase om registrerte miljøverdiar.

Det er eit krav at arealet vert tilfredsstillande forynga etter hogst; jf. § 6 i Skogbrukslova og Forskrift om berekraftig skogbruk. Dette vil bli fulgt opp med kontroll i felt eller via skogfondrekneskapen.

Det er eit vilkår at det etter hogst av gran skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette. **Søknad om tilskot skjer på skjema SLF-916 Søknad om tilskot til drift i vanskeleg terrenge**.

Utfylt skjema, kart, dokumentasjon på alder og underskrift av skogeigar sendast kommunen seinast seks – 6 – veker før planlagd oppstart av drifta.

Følgjande skal leggjast ved søknad om tilskot:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregisteringer i skog (MIS).
- I område utan MIS-registreringar dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med Levande Skog sine standardarar.
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregisteringer og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar), eventuelt kart direkte ført inn i ØKS

I kommunen sitt vedtak skal naturmangfaldslova sine prinsipp om offentleg mynde (§7) innarbeidast og ligge til grunn for avgjersla om tilskot.

Oppmoding om utbetaling av tilskot skjer på kopi av søknadsskjemaet som følgde søknaden, med ny påteikning av reelt hogd volum, i tillegg evt kart og kopi av målenota.

Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar, må dette merkast på søknadsskjemaet og organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til MÅ påførast skjemaet.

Tilsegn om tilskot bør gjevast med kort arbeidsfrist, slik at midlane kan nyttast til andre drifter dersom drifta av ein eller annan grunn ikkje kjem i gang. Tilskotet vert trekt inn utan nærmere varsel etter tre månader dersom det ikkje er gjeve varsel om at drifta vert forseinka.

3.3.2 Avgrensingar

Det kan berre utbetalast tilskot når:

- det ligg føre eit føremålstenleg driftsopplegg som gir høve for framtidig drift og skjøtsel av driftsområdet og dei tilstøytande områda.
- drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området

Det skal ikkje gjevast tilskot:

- dersom skogsdrifta kan motverka utbygging av eit rasjonelt vegnett innan eit naturleg avgrensa driftsområde, jf. Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
- til område som skal brukast til andre føremål enn landbruksproduksjon.

Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.

3.4 Tilskotssatsar mv.

3.4.1 Generelt

Tilskot til taubane, hest o.a. kan gjevast som:

- Driftstilskot i kr/m³

Tilskotet er avgrensa til salsvirke av bar- og lauvtre, inkludert energivirke som blir drive fram for sal og rapportert i VSOP. Kvantumsoppgåver for industrivirke skal gjevast opp under bork, medan kvantumsoppgåver for energivirke skal gjevast opp med bork.

3.4.2 Tilskottssatsar

Tilskottssatsen til taubanedrift har ikkje vore vurdert på svært mange år. Med gjeldande tømmerpris/driftsprisar bør tilskotet på grandriften ligge på kr 140/m³. Fylkesmannen har anbefalt ei variabel tilskotsordning som i større grad kan gjere gjennomføring av skogsdriftene føreseieleg for skogeigarar og entreprenør, når tømmerprisane endrar seg.

Når tømmerprisane endrar seg vesentleg, blir brukt ei variabel tilskotsordning som i større grad kan gjere gjennomføring av skogsdriftene føreseielege for skogeigarar og entreprenør.


Tilskot, kr per m³ :

Gran: variabelt tilskot på $\frac{48\,000}{\text{gjennomsnittleg virkespris}}$

Furu og lauv: variabelt tilskot på $\frac{56\,000}{\text{gjennomsnittleg virkespris}}$

Hestedrifter og løypestreng: 150

Til dømes var gjennomsnittsprisen på grantømmer for 3 kvartal 2019 kr 345,- per m³, dersom dette gjaldt for ei enkelt drift ville det bli **48 000 delt på 345 = kr 139 i tilskot per m³.**



Tilskotet kan altså tilpassast den einskilde drifta ved å sjå på gjennomsnittsverdien for virket etter at drifta er ferdig.

Det vert også gjeve eit tillegg på kr 20,- per m³ til taubanedrifter der tømmeret vert kjørt fram med lastetraktor. Slik tilleggstilskot skal ikkje gjevast dersom det etter ei totalvurdering av skogsvegplanar i området er lønsamt å bygge bilveg fram til standplass og eventuelt vidare oppover/innover i området.

3.4.4 Prioritering

Følgjande drifter har prioritet:

- Hogst av stormfelt skog
- Eldre skog (i tråd med alderskrav i tabell 3.3.2) av høg kvalitet

3.5 Søknad og sakshandsaming

3.5.1 Søknad om tilskot

Søknad om tilskot på [dette søknadsskjemaet](#) SLF-916 Søknad om tilskot til drift i vanskeleg terregn før drifta vert sett i gang. Utfylt skjema, kart, dokumentasjon på alder og underskrift av skogeigar sendast kommunen seinast seks – 6 – veker før planlagd oppstart av drifta.

Kommunen avgjer om drifta har krav på tilskot etter retningslinene. Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar, må dette merkast på søknadsskjemaet. Drifta må ikkje vera sett i gang før eventuell godkjenning av tilskot er gjeve.

Følgjande vedlegg skal leggjast ved søknad om førehandsgodkjenning:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistreringar i skog (MIS).
- I område utan MIS-registreringar skal det leggast ved dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med Levande Skog sine standardarar.
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar).
- Oversiktskart som viser kor eigedomen ligg i kommunen.

Alder

Søkjer må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, børprøve eller tal årringar) i søknad om tilskot, før handsaming. Det skal takast prøver i ulike deler av omsøkt hogstfelt.

Lågaste alder for å gje tilskot er:

Bonitet	Lågaste totalalder	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55 år	+ 10 år
G23	60 år	+ 12 år
G20	70 år	+ 13 år
G17	80 år	+ 14 år
G 14	90 år	+ 16 år

3.5.2 Resultatkontroll

Fylkesmannen og kommunen har mynde å kontrollere at driftsområde er kvalifisert for tilskot og at drifta er gjennomført i samsvar med vilkåra i retningslinene og vedtaket om tilskot. **Skjemaet M-478 Drift i vanskeleg terren – resultatkontroll skal nyttast ved kontroll.** Minimum kvar 10. av dei godkjende søknadene skal følgjast opp med synfaring. Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kontroll. Dei som søker om tilskot er forplikta til å frigi opplysningar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

3.5.3 Vurdering etter Lov om naturmangfold

Ved handsaming av søknad om tilskot må saka vurderast etter naturmangfaldlova, jf. § 7. Prinsippa etter §§ 8-12 skal leggjast til grunn for avgjersla om tilskot.

3.5.4 Utbetaling

Kommunen utbetalar tilskotet på bakgrunn av vedtaket og VSOP opplysningar.

Ved anmodning om utbetaling av tilskot skal ein nytte søknadsskjema som følgde opprinneleg søknad, med ny påteikning av reelt hogd volum, i tillegg kart og kopi av målenota el. Dersom tilskot skal betalast ut til andre enn skogeigar må dette vere signert for på søknaden.

Bankkontonr og organisasjonnummer skal vere utfylt.

Tilsegn om tilskot vil vere gjeldande inntil 4 månader frå dato for vedtak.

3.5.5 Attendebetaling

Tilskot kan krevjast heilt eller delvis betalt tilbake dersom føresetnadene for tilskot ikkje er oppfylt. Beløp som skal betalast tilbake kan trekkest inn ved reduksjon i eventuelle andre tilskot under Landbruks- og matdepartementet; jf. § 13 i Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

3.5.6 Dispensasjon og klage

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensera frå desse retningslinene. Vedtak gjort i medhald av desse retningslinene og "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" kan pålagast

etter kap. 6 i lov av 10. februar 1967 om handsaming i forvaltingssaker (forvaltningslova); jf. § 11 i Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

4. Tilskot til skogkultur

4.1 Føremål

Fylkesmannen tildeler rammeløyvingar til kommunane med bakgrunn i aktivitet og prognosar frå kommunen og tildelt fylkesramme.

Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å legge til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.

I følgje berekraftforskrifta er tilfredsstillande forynging planting av same eller høgare produserande treslag enn det som er hogd.

Tilskot til forynging av skog og ungskogpleie er eit av dei viktige verkemidlane for å sikre framtidig skogproduksjon. På fylkesnivå vert berre halvparten av avverkingsarealet forynga etter hogst. Dette er ikkje tilfredsstillande og langt frå berekraftig. Vi vil difor prioritere oppfølging av forynging i form av auka kontroll so vel som kunnskapsspreiing og rådgjeving.

4.2 Tilskotssatsar

Tilskot til skogkultur har tidlegare år variert mellom 30 - 70 % i vestlandsfylka, medan gjennomsnittleg tilskotssats for heile landet har vore under 20 %. Årsaka til historisk særer høge prosentsatsar på Vestlandet har samanheng med skogreisingstida og at skogeigarane ikkje hadde skogfond. I dag vert skogen hogd slik som i andre område av Noreg og skogeigarane sett av skogfond til naudsynte investeringstiltak.

I Stad kommune har tilskotssatsane variert for tiltak innafor skogkultur. Satsane har sidan 2017 vore mellom 40 – 80 %. Det har no vore bestemt å ha ein sats for generell skogkultur.

Tilskotssatsen til skogkultur er 50 %. Fastsett av kommunen.

Individuell vurdering vert gjort ved miljøtiltak der omsyn til dokumenterte miljøverdiar gjev dokumenterte ekstrautgifter eller redusert inntening, samt ved tiltak som har mål om å vidareutvikle skogbruket i området og som ikkje er omfatta av andre tilskotsordningar.

4.4 Suppleringsplanting

Ved suppleringsplanting vert det gjeve **eit sentralt tilskot på 60%** for kostnaden av inntil 50 planter per dekar med krav om at plantetalet etter suppling tilfredsstiller det fastsette minimumstal per dekar. Ved registrering av refusjonskrav i ØKS er det viktig at kommunane nyttar «800-kodane». Sjå tabellen nedanfor.

Re-planting gjeld plantefelt der minst 80 % av plantene har gått ut på grunn av naturlege årsakar, som til dømes billeangrep, sjukdom, tørke eller anna.

Tilskotssatsen til re-planting av plantefelt er **70 %**. Fastsett av kommunen.

4.5 Tilskot til tettare planting

Ved nyplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på 80 % for kostnaden av inntil 50 planter ekstra per dekar. Sjå tabellen under. (også «800-kode» i ØKS)

Bonitet	Minimum plantetal per dekar etter supplering	Intervall for plantetal som utløyer tilskot for tettare planting
26	220	220 - 270
23	220	220 - 270
20	200	200 - 250
17	180	180 - 230
14	160	160 - 210
11	130	130 - 180

4.6 Forsømt ungskogpleie

Det aller meste av tilskotet går i dag til planting og på fylkesnivå har berre 2% av tilskotet dei siste tre åra gått til ungskogpleie. Ungskogpleie er ei naudsynt investering for å auke tilvekst, kvalitet og ikkje minst stormstabilitet.

Tilskotssatsen til ungskogpleie er 50 %. Fastsett av kommunen. Total storleik av tilskotet skal ikkje overstige kr 1 500,- per dekar.

Kommunane kan enkelt hente rapportar frå ØKS over skogeigarar med potensielt behov for ungskogpleie på eigedomen. Dei aktuelle skogeigarane kan kontaktast for skogfagleg rådgjeving på eigedomen. Ungskogpleie er ein prioritert del av skogkulturen.

4.7 Skogfond

Skogfondordninga er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur. Ordninga med skaffefordel er særslig lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere **særslig viktig å avsetje tilstrekkeleg skogfond**. Lågaste sats (4 %) er ikkje tilstrekkeleg til å finansiere framtidig skogkulturbbehov – planting og ungskogpleie. **For å finansiere eigendelen av forynginga og ungskogpleie må det settast av 15 %.**

Kommunen, fylkesmannen og tømmerkjøparane må samarbeide om å rettleie skogeigarane til å sette av nok skogfond i tråd med framtidig investeringsbehov.

4.8 Rettleiande satsar for kostnader

Tilrådde satsar for eige arbeid er basert på Innovasjon Norge sine satsar:

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l.): 350 kr/time
- Bruk av traktor: 600 kr/time
- Gravemaskin: 800 kr/time (eller etter rekning)

4.9 Landskapsregion 20 –Kystbygdene på Vestlandet

Ein del areal langs kysten og på øyane ut i havgapet er ikkje eigna for skogproduksjon. Her er det samfunns- og miljømessig ønskjeleg å oppretthalde den opphavelege naturen eller tilbakeføre naturen så langt som mogeleg. Også økonomisk er desse områda uaktuelle for skogproduksjon. Landskapsregion 20 (NIBIO) har mykje av naturtypen kystlynghei som vi skal ta vare på. Spesielt i desse områda er det ikkje ønskjeleg med aktivt skogbruk og skogplanting. Sjå link for kart LR-20. https://kart13.nibio.no/landskap/Fylkeskart/lreg_F12_150dpi.pdf

https://kart13.nibio.no/landskap/Fylkeskart/lreg_F14_150dpi.pdf

Mykje av tidlegare treplantingar i LR-20 var motivert ut frå leplanting og brensel, ikkje kvalitetsproduksjon av tømmer. I dag er kanskje vurderingane annleis og det kan vere fornuftig å fjerne slike trerekker og klynger utan å plante ny skog. Men det finst også døme på skogsbestand i LR-20 som har gjeve gode resultat og der det ikkje har vore konfliktar med kystlandskapet og naturtypen kystlynghei.

Kommunane skal som hovudregel ikkje tilrå aktiv skogproduksjon og gje NMSK-tilskot i Landskapsregion 20, kystbygdene på Vestlandet.

Foryngingsplikta bør vurderast med vekt på omsynet til kystlandskapet og særleg naturtypen kystlynghei.

I område der det har vore drive kommersiell skogbruksdrift kan det likevel gjevast NMSK-tilskot, etter ei vurdering av omsynet til kystlandskapet og kystlyngheiane.

4.10 Ikraftsetjing

Desse retningslinene er gjeldande frå 18. juni 2020.